


TILDELINGSKONTORET

Lom og Skjåk



Søknad om helse- og omsorgstenester

Unnateke offentlegheit etter Offentlegheitslova §13, jfr. Forvaltningslova §13

Personlia

Namn: _____ Personnummer: _____

Adresse: _____ Telefon: _____

Postnr/stad: _____

Sivilstand:

Ugift Gift/sambuar Enke/enkemann Skild/separert

Husstand:

Bur åleine Bur saman med andre Bur saman med foreldre

Omsorg for barn under 18 år: Ja Nei

Får privat, ikkje betalt hjelp: Nei Ja, inntiltimar pr veke Ja, ukjent omfang

Er bustaden eigna for tenestemottakar? Ja Nei

Søkjaren bur i dag i...

Ordinær bustad Sjukeheim
 Trygde- og omsorgsbustad Annan institusjon
 Bustad med heildøgns tilsyn UFB (utan fast bustad)

Næraste pårørande: (pers.nr må fyllas inn om det blir søkt om praktisk bistand)

Næraste pårørande er brukars representant jfr. Pasient- og brukarrettlova §3-3 og IT.prp.nr 12 98/99,3.3.2

Namn: _____ Personnummer: _____

Adresse: _____ Telefon: _____

Postnr/stad: _____

Fastlege

Verje (om det er oppnemnt, kopi av post)

Namn: _____ Namn: _____

Adresse: _____ Adresse: _____

Tlf: _____ Tlf: _____

Mottek du andre tenester? Ja Nei

Kva for teneste? _____

Eventuelt kontaktpersonar for andre tenester _____

Vurdert av tannlege, dato _____ Vurdert av lege, dato _____

Eg har motteke og lese informasjon om bruk og lagring av personlege opplysningar: Ja Nei

NESTE SIDE: Grunngeving for søknaden


Grunngjeving for søknad

Beskriv søkjaren sin helsetilstand (diagnoser) og hjelpebehov (legg ved ekstra ark om det er for lite plass her)

Eg har fylt ut samtykkeskjema: Ja Nei

Dato: _____ Signatur: _____


Signaturen må skrivast av den som skal motta tenesta. Unntak, ved søknad om avlastning skal den som skal motta avlastning frå dagleg omsorg signere søknaden og ikkje den som skal mota t.d. opphald i sjukeheim.



TILDELINGSKONTORET

Lom og Skjåk

Informasjon til søkjaren



Lom og Skjåk tildelingskontor ber om personlege opplysningar når du søker og mottek tenester. Opplysningane blir primært henta frå deg, men det kan vera naudsynt å hente opplysningar frå andre instansar i kommuna, fastlege eller sjukehus. Om du samtykkar kan vi og hente opplysningar frå pårørande. Søknadar om tenester vert handsama på tildelingskontoret og vedtak vert fatta av sakshandsamar ved tildelingskontoret etter gjeldande lovverk og kvalitetsstandard for høvesvis Lom- og Skjåk kommune. Einskilde saker blir teke opp til tverrfagleg vurdering. Representantar i tverrfagleg vurderingsmøte er sakshandsamar ved tildelingskontoret, lege, fysioterapeut, ergoterapeut og aktuelle tenesteleiarar.

IPLOS

Noko av opplysningane vil verte henta etter ein standard som er utvikla av Helsedirektoratet (IPLOS). Denne standarden inneheld systematisk og naudsynt informasjon om din situasjon og helsetilstand. Informasjonen vil og verte nytta av kommuna og statlege myndigheiter til styring og planlegging av tenestetilbodet. Du kan reservere deg mot innsending av dine diagnosar til registeret. All informasjon nyttast til uidentifiserbar statistikk.

FAGSYSTEM

Lom og Skjåk tildelingskontor er eit databasert fagprogram for sakshandsaming og dokumentasjon av våre tenester. Dette systemet er godkjent av Datatilsynet. Dei personane som skal gje deg teneste får tilgang til dei opplysningane dei treng for å utføre arbeidet sitt. Alle tilsette har lovregulert teieplikt. Om du samtykkar til det, kan informasjon gjevast til andre samarbeidspartar.

INDIVIDUELL PLAN/KOORDINATOR

Treng du langvarige og koordinerte tenester har

du rett til å få utarbeidd ein individuell plan, dersom du ynskjer det. Initiativet til individuell plan kan kome frå brukar/pårørande og tenesteapparat. Planen skal omfatte alle mål og tenester du har behov for, og vera eit arbeidsreiskap for at du og fagpersonane i ulike tenesteområde samarbeider om dei same måla. Det skal verte oppnemnt ein koordinator og samarbeidspart i planarbeidet.

INNSYNSRETT

Du har til ei kvar tid rett til om kva for opplysningar som blir lagra om deg. Desse opplysningane kan du få hjå leiar på tenestestaden du mottek teneste frå. Om du skulle oppdage feil eller manglar, har du krav på å få desse retta eller sletta. Du kan avgrense tilgang/innsynsrett til konkrete journalopplysningar overfor namngjevne tenesteeytarar, nærare opplysning om kva det inneber kan du få hjå tenesteleiar.

NÆRASTE PÅRØRANDE

Du vel sjølv kven som skal vere din næraste pårørande. Næraste pårørande har rett til informasjon om din helsetilstand, om du samtykkar til det. Dette er nedfelt i Pasient- og brukarrettslova § 3-3-

Om du ikkje har samtykkekompetanse vil næraste pårørande utnemnast slik det er nemnt hjå regjeringa i Ot.prp. 12 98/99 om kven som skal reknast som pasientens næraste pårørande, og etter kva prioritet:

«Departementet foreslår etter dette at følgjende personer skal anses som pasientens pårørande: ektefelle, registrert partner, person som lever i ekteskaps- eller partnerskapsliknende samboerskap med pasienten, myndige barn, foreldre eller den som har foreldreansvaret, myndige søsken, verge eller hjelpeverge.»

Stutt om dei ulike tenestane:

- Praktisk bistand og opplæring: Praktisk bistand til dagliglivets gjeremål som reinhald og personelge tenester i form av til dømes brukarstyrt personleg assistent.
- Heimesjukepleie: Behandling, sjukepleie og omsorg i heimen
- Trygde- eller omsorgsbustad: Tilrettelagt bustad med livsløpsstandard
- Omsorgsstønad: Godtgjersle til personar som har særleg tyngande omsorgsarbeid over tid
- Ledsagerbevis: Bevis som gjev rett til å ta med ein ledsager på offentlege arrangement
- Parkeringsbevis: Bevis for forflytningshemma med reelt behov for å parkere i nærleiken av hovudinngang, evt heis på oppmerka plassar
- Støttekontakt/treningskontakt: Teneste til personar som har nytte av ein støtteperson for å få betre livskvalitet og for å dekkje sosiale behov.
- Tryggleiksalarm: Ein måte å nå heimesjukepleia på når ein har kome i ein situasjon der ein treng hjelp, og ikkje kan nytte telefon
- Transportteneste (TT): Eit transporttilbod til dei som grunna varig funksjonshemming ikkje kan nytte offentleg transport. Meir informasjon på Oppland Fylkeskommune heimeside
- Psykisk helsearbeid: Tenesta vert gjeve som samtaler og heimebesøk til personar med psykiske lidingar, personar i krise og sorg, og til pårørande.
- Miljøarbeid: Tidsavgrensa teneste med målretta støtte og vegleiing til deg som bur heime
- Matombringing: Sikre at heimebuande eldre og funksjonshemma som ikkje er i stand til å lagemat sjølv, får dekt ernæringsbehovet sitt
- Kvardagsrehabilitering: Tilbod til deg som bur heime, intensiv kvardagstrening i ei tidavgrensa periode der meistring av daglege aktivitetar for deg som har hatt eit funksjonsfall er i fokus. Treninga føregår i eigen heim eller nærmiljø. Teamet rundt deg er samansett av fysioterapeut, ergoterapeut og heimetrenarar.


Skjåkheimen/Lom Helseheim:

- Avlastning: Tidsavgrensa opphald for brukar, der pårørande/omsorgsperson med særleg tyngande omsorgsarbeid treng fri for å kunne fortsette i omsorgsarbeidet
- Behandling/utredning: Tidsavgrensa opphald der brukar grunna sjukdom, utredning eller behandling treng døgntilgjengeleg pleie- og omsorg
- Rehabilitering: Tidsavgrensa opphald der brukar treng opptrening/rehabilitering etter skade eller sjukdom
- Langtidsopphald: Varig opphald for brukar med behov for døgntilgjengeleg pleie- og omsorg, der andre tiltak er utprøvd/vurdert
- Dagsenter/dagaktivitetstilbod Lom Dagseneter for heimebuande med demensdiagnose: Dagtilbod ein eller fleire dagar i veka
- Arbeidssenter: Tilrettelagt dagtilbod for personar med utviklingshemming
- Dagseneter/dagaktivitetstilbod Skjåk Dagseter for heimebuande med demensdiagnose: Dagtilbod ein eller fleire dagar i veka
- Dagsenter for heimebuande med nedsett psykisk helse: Dagtilbod ein eller fleire dagar i veka
- Avlastning: (I bustad med heildøgns tilsyn, privat heim og anna) Tidsavgrensa opphald/tilbod til ulike brukargrupper der pårørande/omsorgspersonar med særleg tyngande omsorgsarbeid treng fri for å kunne fortsette i omsorgsarbeidet
- Kreftsjukepleiar- og demenssjukepleiar er tilgjengeleg i bådø kommunar

Det blir vist til nærare omtale av tenestane på høvevis Lom og Skjåk kommune sine heimesider.

Søknadsadresse:

Lom og Skjåk tildelingskontor,
Moavegen 30, 2690 Skjåk



Lom og Skjåk tildelingskontor

Koordinerande eining

Samtykkeerklæring – utveksling av taushetsbelagte opplysningar i samband tverrfaglig samarbeid

Informasjon

Tilsette i Lom eller Skjåk kommune kan berre utveksle informasjon om meg og saka mi om eg har gjeve samtykke til det. Samtykket skal vera ”informert”.

Eit informert samtykke inneber at eg:

- har fått informasjon om kva opplysningar som skal utvekslast
- veit korleis opplysningane skal brukast og konsekvensane av dette
- er kjent med at det ikkje skal utvekslast fleire opplysningar enn det som er nødvendig
- er kjent med at eg kan nekta at opplysningar om særskilde høve vert utveksla, eller at særskilde fagmiljø eller enkeltpersonar får bestemte opplysningar
- er kjent med dei konsekvensane avgrensingar på informasjon kan ha for arbeidet med den individuelle planen min og for tilbodet til meg

Lovgrunnlag om teingsplikt og opplysningsplikt

Forvaltningslova §13 – 13e

Opplæringslova §

Lov om sosiale tenester § 44

Barnevernlova §6-7

Barnehagelova §

Helse- og omsorgstenestelova §12-1

Helsepersonellova kap 5 §21 – 25

Pasientrettighetslova §3 – 6

Eg samtykker til at desse instansane kan dela teingspliktige opplysningar som gjeld meg/
barnet mitt:

<i>Psykisk helseteneste</i>	
<i>Fastlege</i>	
<i>Heimetenesta</i>	
<i>Sjukeheimen/NGLMS</i>	
<i>NAV</i>	
<i>Spesialisthelsetenesta (Spesifiser)</i>	
<i>Barnevernstenesta</i>	
<i>Friviljugsentralen</i>	
<i>Skulehelsetenesta/Helsestasjon</i>	
<i>Tildelingskontoret</i>	
<i>Andre (Spesifiser)</i>	

Avgrensinger:

Underteikna er innforstått med og samtykker i at det i forbindelse med samarbeid om mitt kommunale tenestetilbod blir utveksla nødvendig teingspliktige opplysningar. Eg er kjent med at eg når som helst kan trekke samtykket tilbake, helt eller delvis. Dette meldast da til koordinator eller kontaktperson i tenesta.

Dato:

Underskrift pasient/brukar/verge/foreldre

Fødselsdato: